

Ann-Kristin Mangerøy /Jan Tore Hvidsten  
Solendvegen 53  
5936 Manger

Arkoconsult As  
v/Tom Andre Sivertsen  
5291 Valestrandsfossen

**Merknader til nabovarsel.**

Som eigar av gard nr 45/bnr 92/Urhaugvegen 56 vil me med dette komme med merknader til nabovarsel frå gard nr 45/bnr 74/93/Urhaugvegen 60. Dette går på tilkomst til eksisterande hus der me har felles veg og avkjørsel pr. i dag.

Ein vil be eigar/utbyggjar sjå på parkeringstilhøva til eksisterande bustad. Dette må sjåast på før ei evt deling og fortetting av eigendommen kan skje. Eigendommen har idag ikkje eigen snuplass ved eksisterande hus. I denne samanheng må de sjå på tilkomst til eksisterande hus, og lage ein plan for korleis betre tilhøva der med omsyn til parkering og snuing før me som nabo kan godta dette.

Eigendommen har ein hekk som delvis veks inn i vår felles veg, og som i tillegg hindrar fri sikt ved utkjørselen.

- Ein vil be om plan for parkering og snuplass for eksisterande hus.
- Ein vil be om at den delen av hekken som kjem ut i vegen og som hindrar fri sikt ved utkjørselen vert fjerna.

Som eigar av naboeigendommen har me planar om å gjera noko tilsvarende og fortette vår eigendom. Dette har me vore i kontakt med Radøy kommune ved Tore Rikstad om og kommunen har vore på synfaring. Kommunen ser på dette som eit positivt tiltak.

Me ønskjer å kome i dialog med eigar/utbyggjar om desse punkta skissert over og voner me kan kome fram til ei god løysing for begge partar!

Me bed om ei bekrefting på at denne e-posten er motteke.

Manger 28.09.14

Ann-Kristin Mangerøy sign.

Jan Tore Hvidsten sign.

Kopi sendt Radøy kommune.